



ALLE SKAL MED: Peter Sigmundstad (frå venstre), Anne Berit Kleppa, Ola Mosnes, Aud Valebjørg og Anbjørg Breiland Egeland satsar på ny butikkdrift på Fister, og vil ha heile bygda med seg.

Dugnad for ny butikk

Det er to år sidan butikken på Fister stengde dørene. Nå kan det nærma seg ny oppstart, og dei lokale initiativtakarane vil ha heile bygda med seg på ny satsing.

MAGNAR RIVELAND
magnar@strandbuen.no

Då butikken stengde, mista folk på Fister meir enn ein stad å kjøpa brød. Den viktigaste møteplassen i bygda forsvann. Det var der folk møttest i kvardagen. Det var der ungene sykla for å kjøpa ein is. Det var der hyttefolk og innfødde blei kjende med kvarandre.

– Me håpa at nokon kom og sa at dei ville satsa og starta med ny butikkdrift, men det kom ingen. Saknet etter butikken har vore stort, seier Anne Berit Kleppa og Peter Sigmundstad.

Etter kvart som tida gjekk, byrja «nokon å snakka saman». Dei tok kontakt med Fister bygdaråd. Det sette meir fart i planane, og ei gruppe på ti mann har arbeidd med å få på plass ein ny Joker-butikk på Fister. Nå er dei klare til å presentera planane for resten av bygda på eit ope møte om eit par veke.

– Solberg-familien, som eig butikkløkala, har sagt seg villige til å rusta opp uteplassen og utvendig bygg og leiga ut bygget.

Norgeskjeden og Joker meiner det er eit godt kundegrunnlag, og vil skapa ein heilt moderne butikk der alt er nytt innvendig. Dei me treng å få med oss på laget, er fastbuande og hyttefolk på Fister. Me får det ikkje til utan at folk har lyst på butikken. Målet er at dette skal bli butikken folk på Fister har lyst til å handla på, seier initiativtakarane.

Dei har eit mål om å etablere eit aksjeselskap som driv bu-

tikken. Det skal dei informera meir om på bygdemøtet. Dei håpar på stor breidde blant aksjonærene.

– Det er sjølv sagt eit heilt uforspliktande møte, men me håpar at mange blir med og skyt inn kapital. Jo meir me får inn utan å låna i banken, jo sikrere er drifta i ettertid. Norgesgruppen sine folk har rekna på dette, og meiner det bur nok folk på Fister til at det skal gå bra, seier dei.

– Målet med aksjeselskapet er at bygda skal bli rikare, ikkje aksjeeigarane, men butikkdrifta må sjølv sagt gå rundt, understrekar dei.

Ein butikk vil bety to-tre årverk og viktige arbeidsplassar i bygda. Initiativtakarane meiner satsinga på butikken er eit av mange døme på at det er ny giv på Fister.

– Det har vore litt daudt i bygda dei siste åra, og ting som

Fisterdansen og butikken har forsvunne. Nå har me den første Fisterdagen alt denne helga, og me ønskjer også ein butikk som skapar aktivitet, seier Anbjørg Breiland Egeland.

Ho viser til Fogn og Forsand som døme på bygder der butikken har blitt ein institusjon som skapar liv og røre utanom sjølv butikkdrifta, og meiner det også skal gå an på Fister om folk føler eit eigarskap til butikken.

VELKOMMEN TIL OGNA!

MONA MONICA MARION MARIA

Blomster fra
HØLLAND GÅRD
på Ogna

Husk pinseåpent 1. - 2. juni

f Hølland Gård gartneri Hyllandsvegen 110 • mob. 906 08 337
hollandgard Hverdager: 10-18 • lør: 10-17 • søn: 12-17

ALLE TERRASSEMARKISER OG ZIP-SCREEN Frem til 08.07.

-30% **NÅ SOMMERKUPP** SOM VIST PÅ TV

Pergolino -20%

GRATIS BEFARING **911 50 200**

Fasade PRODUKTER

TERJE MEIHACK
Din lokale salgskonsulent
Direkten: 459 61 390

VELKOMMEN!

FolkeHelse Event
Hotel Clarion Stavanger
Onsdag 14. juni kl. 18.00

Helsemøte for alle!

- Veier til aktivt liv
- CFS/ME
- Kroniske smerter
- Tarmens hemmeligheter og mye mer!

Hilde Selvikvåg kommer!

Entré kr 150,-

Dødehavstiftelsen er en ideell medisinsk organisasjon

DØDEHAV
STIFTELSEN

Medisinsk rehabilitering
Utdanning - Forskning
Tlf: 51 51 69 84

www.dodehavstiftelsen.no

